

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	25.08.2026	064/26

Høyring av lokal forskrift om tilskot til private barnehagar

Kort om saka

Kunnskapsdepartementet har fastsett ny forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar. Frå tilskotsåret 2027 skal kommunen fastsetja lokale satsar for grunntilskot og ekstra grunntilskot i lokal forskrift. Før forskrifta kan vedtakast, skal ho leggjast ut på offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova.

Framlegget til lokal forskrift regulerer dei forholda kommunen etter lov og forskrift kan fastsetja lokalt, mellom anna grunntilskot, rapporteringstidspunkt, rapporteringsplikt ved vesentlege aktivitetsendringar og dokumentasjon av berekningsgrunnlaget.

Saka blir lagt fram for formannskapet for å senda forskriftsutkastet på offentleg høyring. Etter gjennomført høyring vil kommunedirektøren vurdere høyringsinnspela og leggja fram forslag til endeleg forskrift og oppheving av dei gjeldande lokale retningslinjene for politisk behandling.

Dokument vedlagt saka

Tittel
Forskrift om finansiering av private barnehagar i Øygarden kommune
Utdrag frå berekningsgrunnlaget for stats for tilskot til private barnahagar
Høyringsnotat
Lokale retningslinjer for finansiering av private bhg frå 2019 (1)

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Formannskapet vedtek å sende forslag til **Forskrift om tilskot til private barnehagar i Øygarden kommune** på offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.
2. Høyringsfristen blir sett til **02.10.2026**.

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre språklege, tekniske og redaksjonelle endringar i forskriftsutkastet før utsending til høyring, så lenge endringane ikkje har betydning for det materielle innhaldet.
4. Etter gjennomført høyring skal kommunedirektøren leggje fram sak om endeleg vedtak av forskrifta. Saka skal innehalde ei oppsummering av høyringsinnspela og kommunedirektøren si vurdering av desse.

Saksopplysningar

Kunnskapsdepartementet har fastsett ny forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar. Forskrifta trådde i kraft 1. januar 2026 og inneber vesentlege endringar i korleis driftstilskot, pensjonstilskot og eigedomstilskot til private barnehagar skal fastsetjast og bereknast. Dei nye reglane gjeld kommunen si tilskotsberekning frå og med tilskotsåret 2027.

Etter forskrifta skal kommunen fastsetja lokale satsar for grunntilskot i lokal forskrift, jf. §§ 6, 17 første ledd og 18 første ledd i forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar. Den nye finansieringsmodellen gir kommunane større ansvar for lokal fastsetjing av tilskotssatsar, samstundes som ordninga skal bidra til meir likeverdige økonomiske rammer mellom kommunale og private barnehagar.

Sidan tilskotssatsane no skal fastsetjast i lokal forskrift, må kommunen følgja reglane i forvaltningslova kapittel VII om fastsetjing av forskrifter. Dette inneber mellom anna krav om offentleg høyring med minst seks vekers høyringsfrist før endeleg vedtak.

Forskrifta inneber også at det ikkje lenger er klagerett på sjølve fastsetjinga av tilskotssatsane i forskrifta. Private barnehagar kan framleis klaga på enkeltvedtak om tilskot.

Etter hovudregelen skal kommunen fastsetja tilskotssatsane innan 31. oktober året før tilskotsåret. For tilskotsåret 2027 har Kunnskapsdepartementet fastsett ei mellombels overgangsordning som utset fristen til 30. november 2026. Bakgrunnen er at satsane no skal fastsetjast i lokal forskrift, noko som krev offentleg høyring, vurdering av høyringsinnspel og politisk handsaming før endeleg vedtak. Den utsette fristen gjeld berre for tilskotsåret 2027.

Kommunen har i dag lokale retningslinjer for finansiering av private barnehagar vedtekne av Utval for teneste og levkår i november 2019. Retningslinjene byggjer på tidlegare regelverk og inneheld både rettslege føresegner og administrative rutinar. Som følgje av den nye nasjonale finansieringsforskrifta blir det no utarbeidd lokal forskrift om tilskot til private barnehagar. Etter gjennomført høyring vil kommunedirektøren leggja fram forslag om endeleg vedtak av forskrifta og samtidig forslag om å oppheva dei gjeldande lokale retningslinjene.

For å kunna leggja fram endeleg forslag til forskrift for kommunestyret 5. november 2026, med innarbeiding av høyringsinnspel, og fastsetja forskrifta innan fristen 30. november 2026, må forskriftsutkastet sendast på offentleg høyring etter behandling i formannskapet 25. august 2026.

Hovudinnhald i framlegg til lokal forskrift

Ved utarbeiding av forskrifta har kommunedirektøren lagt vekt på å avgrensa dei lokale føresegnene til dei forholda kommunen etter barnehagelova og forskrift om tildeling av

tilskot til private barnehagar kan regulera. Målet er ei forskrift som er enkel å praktisera, føreseieleg for barnehagane og lett å oppdatera ved framtidige endringar i regelverket.

Forslaget til lokal forskrift omfattar mellom anna:

- satsar for grunntilskot
- rapporteringstidspunkt
- rapporteringsplikt ved vesentlege aktivitetsendringar
- klage på enkeltvedtak om tilskot

I framlegget er det foreslått rapporteringstidspunkt 1. august og 15. desember.

Kommunedirektøren foreslår å endra det første rapporteringstidspunktet frå 20. august til 1. august. Etter regelverket skal barn reknast som over tre år frå og med 1. august det året dei fyller tre år. Eit rapporteringstidspunkt 1. august sikrar at tilskotet blir berekna etter rett alderskategori frå første dag og hindrar at kommunen yter småbarnstilskot for ein periode der barna etter regelverket skal reknast som over tre år. Endringa bidreg til ei korrekt tilskotsberekning og ei meir berekraftig forvaltning av kommunen sine økonomiske ressursar.

Berekningsgrunnlaget er utarbeidd etter berekningsmodellen utvikla av KS og Private Barnehagers Landsforbund (PBL). Modellen er mykje nytta av kommunar ved fastsetjing av lokale tilskotssatsar. Berekningsgrunnlaget ligg ved saka.

Forskrifta er foreslått å gjelda frå tilskotsåret 2027.

Høyring

Forslaget til lokal forskrift blir sendt på offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Følgjande dokument blir sende på høyring og følgjer saka som vedlegg:

- forslag til forskrift om tilskot til private barnehagar i Øygarden kommune
- høyringsbrev
- berekningsgrunnlag for tilskotssatsane
- gjeldande lokale retningslinjer for finansiering av private barnehagar.

Høyringa blir kunngjord offentleg og sendt til følgjande høyringsinstansar:

- private barnehagar i Øygarden kommune
- Statsforvaltaren i Vestland
- Private Barnehagers Landsforbund (PBL)
- Utdanningsforbundet
- Fagforbundet
- Delta
- andre relevante høyringsinstansar.

Etter at høyringsfristen er ute, vil kommunedirektøren vurdera alle innkomne høyringsuttaler. Dersom innspela gir grunnlag for endringar i forskriftsutkastet, vil dette bli innarbeidd før saka blir lagd fram for endeleg politisk behandling. Saman med det endelege

forskriftsframlegget vil kommunedirektøren leggja fram ei oppsummering av høyringsinnspela og vurderingar av desse.

Økonomiske konsekvensar

Forslaget inneber ikkje nye økonomiske plikter utover det som følgjer av gjeldande regelverk.

Endringa av rapporteringstidspunkt frå 20. august til 1. august kan gi noko lågare tilskotsutgifter samanlikna med dagens rapporteringstidspunkt. Ved at barn blir registrerte i rett alderskategori frå 1. august, blir tilskotet berekna i samsvar med regelverket frå starten av barnehageåret. Dette bidreg til korrekt og berekraftig bruk av kommunen sine økonomiske ressursar.

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at framlegget til lokal forskrift oppfyller krava i barnehagelova og forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar.

Forskrifta legg til rette for føreseielege, transparente og likeverdige økonomiske rammer for private barnehagar i Øygarden kommune. Samstundes gir ho kommunen eit tydeleg og oversiktleg rammeverk for lokal fastsetjing av tilskotssatsar og rapporteringsrutinar innanfor rammene av nasjonalt regelverk.

Kommunedirektøren vurderer vidare at forskrifta gir eit godt grunnlag for ei open, etterprøvbar og føreseieleg forvaltning av tilskot til private barnehagar. Ho legg til rette for likebehandling og ei korrekt og berekraftig forvaltning av kommunen sine økonomiske ressursar.

Kommunedirektøren tilrår at framlegget til lokal forskrift blir sendt på offentleg høyring med seks vekers høyringsfrist før saka blir lagd fram for endeleg politisk behandling.

Formannskapet 25.08.2026:

Nytt punkt 5 - Endringsforslag - Anita Garlid Johannessen Fremskrittspartiet

Følgjande endringsforslag vert sende på høyring saman med forskriftsutkastet og skal vurderast før forskrifta kjem tilbake til endeleg behandling:

Endring 1: Sikre kompensasjon for administrasjonsutgifter (§ 5 tredje ledd)

Kommunedirektøren sitt forslag

Administrasjonsutgifter som etter regelverket ikkje skal inngå i berekningsgrunnlaget, blir haldne utanfor berekninga. Dette omfattar mellom anna utgifter til sentrale administrative tenester som ikkje oppstår i den enkelte barnehagen.

Endringsforslag

«Sentrale administrasjonsutgifter i Øygarden kommune skal fordelast og inkluderast i berekningsgrunnlaget i den grad dei yter støtte til dei kommunale barnehagene (t.d. HR, IT, juridisk og økonomi). For å sikre reell likebehandling skal det dokumenterast at private barnehagar ikkje vert påførte ulemper ved at kommunale stordriftsfordelar vert haldne utanfor tilskotsgrunnen.»

Grunngjeving

Private barnehagar må dekkje HR-system, rekneskap og juridisk bistand av eiga lomme. Dersom kommunen trekkjer ut alle sine sentrale rådhusutgifter, blir tilskotet til dei private kunstig lågt, og likebehandlinga fell bort.

Endring 2: Meir føreseielegheit ved svingningar i barnetal (§ 7 og § 11)

Kommunedirektøren sitt forslag

Inneber umiddelbart kutt og avrekning i tilskot frå 1. august dersom barnetalet øker.

Endringsforslag

Det vert lagt til eit nytt ledd i § 11:

«Dersom ein privat barnehage opplever ein reduksjon i barnetal etter 1. august som skuldast forhold barnehagen ikkje sjølv råder over (t.d. flytting), og barnehagen kan dokumentere ledig kapasitet, skal tilskotet som hovudregel oppretthaldast ut kalenderåret for å sikre kontinuitet i bemanning og drift.»

Grunngjeving

Kommunale barnehagar må sjeldan kutte i bemanninga eller oppleve akutte budsjettkutt midt i eit halvår om eit barn flyttar. Dei private må få den same økonomiske bufferen for å sikre tryggleik for tilsette og barn.

Endring 3: Redusere det lokale skjemaveldet (§ 7 sjette ledd)

Kommunedirektøren sitt forslag

Private barnehagar skal i tillegg rapportere talet på årsverk i det ordinære barnehagetilbodet som det er knytt pensjonsforpliktingar til per 1. august.

Endringsforslag

«Rapportering av data skal i størst mogleg grad samordnast med eksisterande nasjonale rapporteringssystem (BASIL). Kommunen skal ikkje påleggje særkrav om lokal rapportering som aukar den administrative byrda for dei private barnehagene, med mindre det er tvingande nødvendig etter nasjonalt regelverk.»

Grunngjeving

Vi ønskjer å avbyråkratisere kvardagen for styrarar og eigarar. Tida skal brukast på barna, ikkje på unødige, kommunale særkrav og ekstra skjema.

Behandling i møtet

Votering

Forslaget frå kommunedirektøren i tillegg til nytt punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 25.08.2026 - 064/26

1. Formannskapet vedtek å sende forslag til **Forskrift om tilskot til private barnehagar i Øygarden kommune** på offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.
2. Høyringsfristen blir sett til **02.10.2026**.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre språklege, tekniske og redaksjonelle endringar i forskriftsutkastet før utsending til høyring, så lenge endringane ikkje har betydning for det materielle innhaldet.
4. Etter gjennomført høyring skal kommunedirektøren leggje fram sak om endeleg vedtak av forskrifta. Saka skal innehalde ei oppsummering av høyringsinnspela og kommunedirektøren si vurdering av desse.

Følgjande endringsforslag vert sende på høyring saman med forskriftsutkastet og skal vurderast før forskrifta kjem tilbake til endeleg behandling:

Endring 1: Sikre kompensasjon for administrasjonsutgifter (§ 5 tredje ledd)

Kommunedirektøren sitt forslag

Administrasjonsutgifter som etter regelverket ikkje skal inngå i berekningsgrunnlaget, blir haldne utanfor berekninga. Dette omfattar mellom anna utgifter til sentrale administrative tenester som ikkje oppstår i den enkelte barnehagen.

Endringsforslag

«Sentrale administrasjonsutgifter i Øygarden kommune skal fordelast og inkluderast i berekningsgrunnlaget i den grad dei yter støtte til dei kommunale barnehagene (t.d. HR, IT, juridisk og økonomi). For å sikre reell likebehandling skal det dokumenterast at private barnehagar ikkje vert påførte ulemper ved at kommunale stordriftsfordelar vert haldne utanfor tilskotsgrunnen.»

Grunngjeving

Private barnehagar må dekkje HR-system, rekneskap og juridisk bistand av eiga lomme. Dersom kommunen trekkjer ut alle sine sentrale rådhusutgifter, blir tilskotet til dei private kunstig lågt, og likebehandlinga fell bort.

Endring 2: Meir føreseielegheit ved svingningar i barnetal (§ 7 og § 11)

Kommunedirektøren sitt forslag

Inneber umiddelbart kutt og avrekning i tilskot frå 1. august dersom barnetalet øker.

Endringsforslag

Det vert lagt til eit nytt ledd i § 11:

«Dersom ein privat barnehage opplever ein reduksjon i barnetal etter 1. august som skuldast forhold barnehagen ikkje sjølv råder over (t.d. flytting), og barnehagen kan dokumentere ledig kapasitet, skal tilskotet som hovudregel oppretthaldast ut kalenderåret for å sikre kontinuitet i bemanning og drift.»

Grunngjeving

Kommunale barnehagar må sjeldan kutte i bemanninga eller oppleve akutte budsjettkutt midt i eit halvår om eit barn flyttar. Dei private må få den same økonomiske bufferen for å sikre tryggleik for tilsette og barn.

Endring 3: Redusere det lokale skjemaveldet (§ 7 sjette ledd)

Kommunedirektøren sitt forslag

Private barnehagar skal i tillegg rapportere talet på årsverk i det ordinære barnehagetilbodet som det er knytt pensjonsforpliktingar til per 1. august.

Endringsforslag

«Rapportering av data skal i størst mogleg grad samordnast med eksisterande nasjonale rapporteringssystem (BASIL). Kommunen skal ikkje påleggje særkrav om lokal rapportering som aukar den administrative byrda for dei private barnehagene, med mindre det er tvingande nødvendig etter nasjonalt regelverk.»

Grunngjeving

Vi ønskjer å avbyråkratisere kvardagen for styrarar og eigarar. Tida skal brukast på barna, ikkje på unødige, kommunale særkrav og ekstra skjema.